




ryfylkemuseet



FOLK i Ryfylke

2/86

# FOLK i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo  
Utgivar: Ryfylkemuseet  
4230 Sand  
Telefon (04) 79 73 77

## ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem med to nummer i året.  
Abonnementprisen for 1986 er kr 85,-  
og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet.  
Postgirokonto nr. 5 66 29 11  
Bankgirokonto nr. 3202.07.01527

Sats, repro, trykk og innbinding:  
Allservice A/S, Stavanger  
Tilrettelagt av Dreyer Bok, Stavanger

ISSN 0800-4692 FOLK I RYFYLKE



# Innhald

5	Redaksjonelt	43	Det immaterielle kulturvernet
7	Bygningane	43	Fotoinnsamling
7	Guggedalsloftet	43	Intervju
9	Kolbeinstveit	45	Folkemusikkarkiv
14	Røynevarden	46	Samtidsdokumentasjon
16	Museum i kvar bekk	49	Publikumstiltak
19	Håland	50	Publikasjonar
21	Viga	53	Utstillingar
24	Den Riibergske Stiftelse		
28	Åbø-byen		
32	Nesa-sjøhuset		
35	Gjenstandane		
35	Johs. W. Rasmussens samling		
36	Barkeland		
39	Erfjord bygdemuseum		
40	Kyrkjebåten i Båtsvikjo		

*Museet har mange kverner og turkehus. Det finaste og best vedlikehaldne anlegget ligg i Kvednahola på Ritland i Suldal.*



# Redaksjonelt

I haust er det 50 år sidan Ryfylkemuseet blei skipa. Det skjedde i Stavanger 20. september 1936. Ambisjonane for museet kunne ein lesa av namnet, som vart Rogaland Folkemuseum. Namnet blei endra først i 1983, etter omfattande endringar både i oppgåver og arbeidsmåte.

Museet har ikkje lagt særleg vekt på å bruke jubileumsåret til å sjå tilbake. Vi har hatt meir enn nok med å sjå framover. Dette nummeret av tidsskriftet vårt blir likevel nytta som ein slags statusrapport ved rundinga av 50-års-dagen. Såleis håper vi og at heftet kan tene som ein førar til samlingane våre.

For å setta det heile i perspektiv har vi tatt med ein artikkel av Målfrid Snørteland, som var vikarierende styrar ved museet frå 1. juni i fjor til 30. mai i år, og ein artikkel av den nyvalde styreformannen, Børge Skeie.

Oversikten over samlingane er gitt ei kronologisk form, som tek til med kjøpet av Guggedalsloftet i Suldal i 1934 og sluttar med innsamlinga av arbeiderminne i Sauda sommaren 1986. På den måten illustrerer samlingane våre også ei flytting av perspektivet frå det sjeldne og særmerkte og romantiske til det van-

lege og kvardagslege, og til ei utviding av engasjementet i tid, rom og sosial breidde.

Etterkvart kan ein koste på seg kjensla av at også Ryfylke er i ferd med å få til eit museumsstell der det på ulike vis blir samla kunnskap om mange sider ved livet til folk som har levd i desse bygdene. Men det er grunn til å understreke at det manglar mye på at arbeidet med å dokumentere Ryfylke-kulturen er tilfredsstillande.

Likevel ligg kanskje den største utfordringa nett nå i å formidle denne kunnskapen til breie grupper av befolkningen. Det betyr at museet må ha tid og krefter til å bearbeide det materialet som blir samla inn, og der nest til å setta i verk tiltak for å gjera resultatata kjente.

I det arbeidet prøver museet seg fram med eit utstrakt samarbeid med frivillige interesser, organisert i museumslag, bondekvinnelag, bondelag, pensjonistlag, arbeidstakarorganisasjonar og andre. Dei positive erfaringane med dette er fleire enn dei negative, og i den langtidsplanen for den vidare utviklinga av museet som vi nå vil i gang med, vil vi bygge vidare på dette.

Ryfylkemuseet rundar 50-års-dagen med tru på ideane om desentralisering og folkeleg engasjement, og håper det skal lukkast å sameine dette med den profesjonaliseringa som følgjer av dei auka krava til kompetanse også i museumsarbeidet.

*Tett og trongt. Det kunne vera mottoet for bygningsmiljøet i Nordenden på strandstaden Sand. Kva bygningane og romma mellom dei har betydd som rammer kring tilveret kjem klart fram her. Blant dei viktigaste oppgåvene til Ryfylkemuseet dei siste åra har vore å bidra til å ta vare på slike miljø.*

*Viga er eit fint og særmerkt tun i Hjelmeland kommune, som museet overtok ansvaret for etter at Hjelmeland kommune hadde kjøpt det i 1970.*



# Bygningane

Ryfylkemuseet har ei samling på over 50 gamle hus. Museet er såleis eit stort friluftsmuseum. Men det ruver lite, fordi desse 50 husa er plasserte på 16 ulike stader.

Opphavelag var det tanken at museet skulle vera eit tradisjonelt folkemuseum med ei bygningssamling plassert ved Mosvatnet i Stavanger.

«— *Hovudoppgåva til Rogaland Folkemuseum er å taka vare på bygningar som syner gamal byggjeskikk i Rogaland, og å reisa desse husi etter museumsplanen på Tjensvoll*», heitte det i den første formålsparagrafen til museet.

Av ulike grunnar måtte ein gi opp denne tanken, og resultatet vart etter kvart eit svært desentralisert museum.

«Eit museum på rot», vart museet kalla i ein samanheng. Og det er nokså treffande. Dei fleste av husa står på sine opphavelage tufter. Det gjer samlingane meir verdifulle enn om husa skulle vore flytta til eit sentralt museumsområde. Men det gjer det også vanskelegare både å føre tilsyn med husa og å vise dei fram for publikum.

Det første huset museet skaffa seg var Guggedalsloftet. Og det har vore flytta to gonger før det kom dit det står nå.

## GUGGEDALSLOFTET

Allereide i 1934, to år før folkemuseet vart skipa, var medlemmer frå museumsnemnda i Bråtveit og tinga med Jakob Bakka om kjøp av loftet i Guggedal. Ein fekk det på avbetaling for 2.000 kroner og flytta det til museumsområdet ved Mosvatnet i Stavanger sommaren 1936.

Interessa for Guggedalsloftet knytte seg først og fremst til alderen på det. Ein meinte det måtte vera eit av dei eldste husa i fylket utanom kyrkjene. Og så var det etter måten stort.

Harald Hals II, som var konservator ved Stavanger Museum, studerte loftet nøye, og fann ymse detaljar som likna detaljar på liknande hus andre stader i landet, men konkluderte med at det neppe kan ha vore reist før år 1600.

Per Gjærder kom i ei bok om middelalderdører til at loftet måtte ha ein høgare alder.

— *I det hele tatt hører den øvre loftsåpninga fra Guggedal til de fineste arbeider innenfor den gotiske portalkunst, skreiv han. — Etter alt å dømme er Guggedalsloftet omtrent fra midten av 1200-årene.*

Men han meinte at den nedste delen var yngre, og tidfesta denne til byrjinga av 1400-åra.

Frå artikkelen til Harald Hals II er det interessant å merka seg dei tankane han gjer seg om hola i veggane

etter dei gamle golvbjelkane og utforminga av den stokken som ligg i det nåverande etasjeskillet.

— *Me kan enno sjå hola etter dei gamle golvåsane. Dei er heller store og går tvert gjennom bae langveggene. Dette kan kanskje tyda på at golvåsane ein gong har stukke so langt ut at dei har bore ei sval på kvar av langsidene, slikt kjenner me døme på frå Telemark og Vest-Agder.*

*Guggedalsloftet, til høgre på bildet, er det eldste huset museet eig. Det har kome frå Guggedal i Bråtveit ved Suldalsvatnet, vart flytta til museumsområdet ved Mosvatnet i Stavanger i 1930-åra, men kom så tilbake til Suldal etter krigen, og står nå i tunet på Kolbeinstveit.*



Dessverre var dei meir opptatte av utforminga av bygningen og tidfestinga av han, enn av kva han vart brukt til, dei som skreiv om han føre han skulle på museum. Derfor har vi inga samtidig skildring eller registrering av korleis Guggedalsloftet vart brukt den gongen det sto i tunet på Guggedal. Men det er rimeleg å tru at rommet nede har vore for oppbevaring av matvarer og at ein har hatt seng- og gangklær oppe.

Museumsplanane ved Mosvatnet vart ikkje den suksessen ein hadde håpt på. I 1954 blir museumsområdet omtala som «dei gamle bygningane som sidan 1930-åra har stade på Mostun ved Stavanger».

Da hadde framståande menn alt tatt til å drøfte utvegen til å etablere eit Ryfylke-museum i Ryfylke. Ein





*Heimehuset og løa på Kolbeinstveit i Suldal, eit av hovudtuna i samlingane til museet.*

meinte Ryfylke Folkehøgskole ved Rygjatun på Eide ved Sand ville vera ein høveleg stad for eit slikt museum. I desse planan gikk Guggedalsloftet inn som ein «gild lekk».

Nå vart det ikkje noe museum på Eide. Og heller ikkje andre stader som var på tale. Resultatet av leitinga etter eit høveleg bygdetun i Ryfylke vart garden Kolbeinstveit i Suldal, der museet kjøpte husa i 1955. Og dit vart Guggedalsloftet flytta året etter. Såleis kom det tilbake til Suldal, men ikkje heilt heim og det vart plassert ein stad der det aldri har stått noe loft.

På Kolbeinstveit vart Guggedalsloftet ein lekk i for-

søket på å rekonstruere ein gammal Suldals-gard med dei bygningane som kunne ha hørt til på ein slik gard. Og loftet blei plassert omlag slik i forhold til heimehuset, som det opphavelag sto i Guggedal.

#### KOLBEINSTVEIT

Blant dei tuna som museet såg syn på å få bevart sto Li og Hoftun i Suldal i fremste rekke. Men det laga seg ikkje slik at museet fekk overta desse. Da lensmann Albert Vasshus så baud fram Kolbeinstveit til museumsformål, slo museumsstyret til og kjøpte husa på garden, samstundes som ein fekk rett til å disponere eit areal rundt desse til oppbygging av eit bygdetun. Med på kjøpet følgde og stølane i heia ovanom garden.

Dei opphavelige husa på Kolbeinstveit er først og fremst det store og gilde heimehuset og den, etter si tid, moderne lòa. Begge desse husa er sett opp i 1850-åra, da heile gardstunet blei flytta frå ein plass noen hundre meter nedanfor der det nå er.

Heimehuset er eit typisk ryfylke-hus, med stove i eine enden og bu i andre enden og gang og kjøkken på midten. Bak bua finn ein buakammerset og bak stova stovekammerset. Det siste var i seinare tid ominnredd til meir moderne kjøkken. I det gamle kjøkkenet var det delt av eit spiskammers.

Museet har nå prøvd å innreie desse romma slik dei kunne ha sett ut mot slutten av førre hundreåret. Bua er da i ferd med å endre karakter frå å vera eit gjesterom og eit oppbevaringsrom til å bli ei bestestova.

I andre høgda finn ein stovelemmen, som vart brukt til soverom, men som vi førebels nyttar som magasin. Gjesterommet på kvisten og soverommet på bualemmen. I kottet bakom bualemmen har det vore oppbevaringsrom m.a. for mjølvarer, og i kottet bak trappa oppbevaringsrom for kjøtvarer. I eit slikt hus finn ein

*Heimehuset på Kolbeinstveit er, så langt museet rår over møblar og anna inventar, søkt innreidd slik det kunne ha sett ut i huset i slutten av førre hundreåret. Her frå stova.*



såleis rom også for alle dei funksjonane som ein andre stader flytta ut i stabbur og loft. Likevel var ikkje staburet noe uvanleg syn på Suldalsgarden.

Lòa er ein moderne driftsbygning i den meininga at her er mest alle driftsfunksjonane samla under eitt tak. Det var ikkje vanleg før, da gardstunet var prega av mange og små hus.

Når det er så store og fine og «moderne» hus på Kolbeinstveit har nok det samanheng med dei som budde der. Det var ikkje kven som helst. Dei var mellom dei fremste medlemmane av det gamle Suldalssamfunnet.

Det er truleg Njeld Kolbenstvedt (1828–1900) som har sett opp husa. Han var ordførar i Suldal i ei årrekke og dessutan stortingsmann i fleire valbolkar mellom 1864 og 1880. Han hadde gått på jordbruksskule og var ei tid utskiftingsformann. Kona hans var Olean Oldstr. Stangeland frå Avaldsnes. Det er bilde av desse som heng på veggen i bua.

Njeld overtok Kolbeinstveit frå faren Lars O. Col-

*På Kolbeinstveit er og samla ein del reiskap og utstyr som ikkje naturleg hører heime i dei romma der ein har prøvd å få til eit tidsriktig miljø. Desse er førebels plasserte på lemnen i heimehuset og i uthusa. Meininga er å bygge ein eldfast museumsbygning for desse tinga.*





*På Kolbeinstveit blir det kvart år skipa til eit Olsokstemne. I godver trekker dette mange folk, og er eit viktig bidrag til å gjera museet kjent og skape liv kring husa.*

benstvedt (1800–1876) i 1856. Lars O. var einebarn, og kom, forutan Kolbeinstveit, til å eige både Våge, halve Steine og ein part av Lali. Han var første ordføraren i Suldal og stortingsmann i fleire periodar.

Njeld vart lensmann i Sand i 1880, og overlet seinare Kolbeinstveit til sonen Lars. Lars var m.a. første skipparen på D/S Suldal, men vart i 1900 lensmann i Hjelmeland og flytta da frå Kolbeinstveit. Han vart såleis den siste frå Kolbeinstveit-slekta som budde på garden.

Seinare vart garden forpakta bort. Den siste pak-taren var Odd Iversflaten som budde der frå 1945 og

like til i 1959, såleis ei tid etter at ein hadde tatt til å skipe til museum på garden.

Kva for bygningar som elles hørte til på garden veit vi ikkje sikkert. I arkivet til museet finst det m.a. både opplysningar om at det var smie på garden og at det vart flytta ei smie dit, ei smie frå Tveitane som også hadde vore med til Mostun. Likevel er det berre ei smie på Kolbeinstveit, og den står langs vegen ned til vatnet.

Det stabburet som står nærmast heimehuset kjem frå Bleskestad. «Eldhuset», som står mellom stabburet og Guggedalsloftet, er eit nyare hus som er sett opp i samband med forsøk på drift av campingplass som del av museumsdrifta.

Stallen, som står ved austre enden av løa, har stått der støtt.

På nordsida av vegen er det sett opp ein del bygningar som alle er flytta til Kolbeinstveit. Ved Tveit-åna,

*Til Kolbeinstveit hører det 3 stolar. Dette stølshuset står på Vasstølen, den inste av stølane.*




lengst vest på museumsområdet, ei kornturke frå Helganes og ei kvern frå Nærheim. Og lenger oppe ei badstove frå Guggedal.

Oppe i haugen her tok ein og til med å reise ein husmannsplass. Stovehuset er ei røykstove frå husmannsplassen Røsselio ved Suldalsvatnet mellom Vårvik og Våge. Men alle uthusa i Røsselio var farne da museumsfolket kom dit, så det stabburet som er sett opp attmed husmannsstova har kome frå Nerheim.

Opphaveleg hørte det fleire husmannsplassar til Kolbeinstveit. Det var Sundet, Kalhagen og Ørevika og seinare også Brustveit. Dessutan budde det folk i Kilen ei tid. Fleire av huslydane reiste til Amerika i 1860-åra, ein av dei med stønad frå kommunen endatil.

Det var og meininga å flytta noen stølshus heim til Kolbeinstveit, men det einaste som har kome opp er ei løe frå Nesheia som har hørt Gautun til.

*Sist vinter ramla løa ned. Da hadde museet i 2 år forsøkt å reise midlar til å komma i gang med vøling av stølshusa.*





*Midtstølen var den mest komplette av stølane, ved at det der også sto ei løe attåt stølsbua.*

Dei stølane som hører garden til står såleis framleis på sine opphavelge plassar oppe i heia nord for garden. Det er Nedstestølen, Midtstølen og Instestølen eller Vasstølen.

Vil ein ta turen opp til desse stølane må ein følgje stien som tek av frå riksvegen ved Bjørkeneset, eit par

hundre meter aust for tunet. Stien følgjer seinare Tveitåna og går nokså bratt opp til Nedstestølen. Herifrå er det lettare terreng fram til dei to andre stølane. Med jamn, roleg gonge går ein til Nedstestølen på 50 minutt. Så tek det ein halvtimes tid vidare til Midtstølen og ytterlegare 35–40 minutt til Vasstølen.

Det er ein fin tur opp til stølane, men det kan vera greitt å ta med seg kart om ein ikkje er kjent, da stien

kan vera vond å sjå enkelte stader, så lite som han blir brukt nå.

På Nedstestølen står det ei lafta løe. På Midtstølen både stølshusa og løe, men løa her er såpass til nedfalls at det er eit spørsmål om det vil la seg gjera å vøla ho. På Vasstølen står og berre stølsbua att, løa har falle ned for lenge sidan.

Tilsaman er busetnaden på Kolbeinstveit, og særleg dei opphavelege bygningane, eit fint og verdifullt minne om byggemåte og levemåte på ein Suldalsgard i førre hundreåret. Attåt bygningssamlinga er det og samla ein heil del innbu, reiskap og utstyr av ymse slag i husa. Og gjennom dei årvisse kulturstemna som ein har skipa til like sidan 1957, er tunet blitt ein populær møtestad for kulturinteresserte menneske i Suldal.

Men dei optimistiske planane om eit stort og sentralt friluftsmuseum med atskillig fleire tilflytta bygningar blei aldri gjennomførte, og er etterkvart blitt lite aktuelle. I dag arbeider dei regionale musea meir ut frå idear om ei desentralisering av verksemda i nær kontakt med grupper og foreningar i deira nærmiljø, og det er sjeldan, også av økonomiske grunnar, aktuelt å flytte bygningar.

## RØYNEVARDEN

I kontrast til velstanden på Kolbeinstveit ligg husmannsplassen Røynevarden bratt opp frå Suldalsvatnet ei mils veg austover langs Suldalsvegen. Plassen er ein idyll med angande bøar ein varm sommardag, men dei levde ikkje i romslege kår dei som skulle hente levebrødet sitt frå desse bøane.

Røynevarden var husmannsplass under garden Overskeid på Nesflaten. Da husmennene fekk høve til å løyse inn plassane sine kjøpte den daverande bru-

karen, Halvor Halvorsen Røynevarden (1864–1950) plassen, og budde der saman med syster si, Randi (1866–1951), til like etter krigen. Det er i gards- og ættesoga for Suldal at namnet Halvor blir brukt. I kultursoga blir han kalla Hallvard og i andre samanhengar Hallvard.

Det er seks hus på Røynevarden, to stovehus, løe, sau- og geithus og eldhus. Attåt løa sto det tidlegare eit fjøs.

Det minste av stovehusa er ei røykstove, eller rotastove, som dei seier i Suldal, truleg sett opp her i 1834 da Jakob Gabrielson sette seg til som husmann. Kanhende hadde han stova med seg frå Svones, den første plassen han budde på. I så fall er stova frå 1820-åra.

I denne stova budde dei like til i 1893, og dei som ikkje fekk plass inne sov på sauhuslemmen. Det gjorde Hallvard. «Eg kan ikkje minnst at eg sov nokon annan stad enn her då eg var liten. Det va nå ikkje så gildt alltid, men det gjekk det og.»

Nystova vart kjøpt på auksjon i Litlevik etter ein husmann som reiste til Amerika med huslyden sin. I nystova vart det mura grue med skorstein, alt i gråstein. Seinare kom det kokomn ved sidan av grua.

Men sjølv om alt kan synest smått på Røynevarden, var plassen blant dei beste i Suldal. I 1875 hadde dei 3 kyr, 3 ungnaut, 26 sauer og 9 geiter. På det jamne fødde dei 2 kyr, 5 geiter og noen sauer, har Hallvard Røynevarden fortalt. Elles avla dei poteter til husbruk og dei sådde korn på dei mange åkerlappane. Høy slo og samla dei alle stader oppetter fjellskortene. Ved sidan av høyet nytta dei mye lauv.

Omreisande kulturhistorikarar vart tidleg merksame på det særmerkte ved denne plassen, også fordi hus og husbunad var haldne så godt i stand. Og i 1947 og -48 vart det til at museet kjøpte husa. Dermed fekk ein hand om eit husmannsmuseum der både omgjevna-



*Røynevarden er ein husmannsplass oppe i lia omlag midt på Suldalsvatnet. Museet kjøpte husa på plassen i 1947 og -48. Dette var dei første husa museet kjøpte på rot under den føresetnaden at dei skulle bli ståande på sine opphavelge tufter.*

dene og inventaret gir god utveg til å setta seg inn i korleis det måtte vera å bu på ein slik plass, og der ein endatil kan følgje ei utvikling i levemåten frå gamlestova med røykonn og ljøre i taket til nystova med peis og kokonn og lem med glas.

Attåt husa på Røynevarden fekk museet med husa i Venelia, eller Røynevardlia, da dei handla med Hallvard. Lia er ein plass eit godt stykke oppfor Røyne-

varden. Det sto både røykstove og løe der i 1947, og meininga til museet var å flytte stova ned til Røynevarden. Stova blei derfor tatt ned og lagra i løa. Nå er både stova og løa rotna bort.

Turen til Røynevardlia kan likevel vera strevet verd. Det er fin utsikt frå plassen, og murane syner godt korleis busetnaden var. For å komme dit nå må ein ta ein sti som startar på utsida av tunnelen aust for Røynevarden. Eit lite stykke borte i lia er stien skoten sund i samband med vegarbeidet på Suldalsvegen, men det går an å ta seg over, og sjølv om det ikkje er altfor lett å ta seg fram somme stader er det andre stader svært fin sti.



*På Røynevarden er det to stovehus, ei gammel røykstove og ei nyare stove med grue og kokomn. Bildet er frå grua i nystova.*

Røynevarden vart rydda eit av dei første åra etter 1800 av Lars Olsen. Han var så sterk, blir det fortalt, at han bar kyrne til okse dei gongane det var trong for det. Men i 1853 datt han utfor ein stad kalla Tormodskåra ved Røynevarden og slo seg i hel. Da var han 83 år gammal og gift for tredje gong. Begge dei førre konene hans døydde frå han medan dei var i 50-åra og einaste sonen, som han hadde frå første ekteskapet med Brita

Nilsdtr. Bråtveit var og død. Det kom likevel folk til Røynevarden etterpå, og så seint som ved århundreskiftet budde det framleis folk der.

### MUSEUM I KVAR BEKK

Dei gamle kvernehusa ser ut til å ha påkalt stor interesse hos kulturverninteresserte menneske, og særleg hos dei som har stått i leiinga for dette museet.

Det finaste kvernehusmiljøet har vi bevart i Kvednahola ved Vasshus/Ritland i Suldal. Her eig museet to kverner, ei turke og ei sag. Den eine kverna og turka er i så god stand at dei kan brukast, og blir brukt av og til når Sigurd Foss skal mala skikkeleg mjøl på særskilt bestilling. Saga og den andre kverna manglar renner m.m. for vasstilsørsel.

Turka blir brukt for å tørke kornet før det blir male. Tidlegare brukte ein badstova til dette, men så tok ein til å setta seg opp eigne turkehus. Det er vasskall på turka og, som driv rundt ein slags kniv oppe i «gryta» som kornet blir tørka i.

Når kornet vart tørt tok dei det opp i ein sekk og bar det over til kvernhuset der det vart tømmt opp i «vio» over kvernsteinane. Til vio var det festa ein «skakvol» som sto ned på oversteinen og riste slik at det rann ein jamn straum med korn ned mellom kvernsteinane. Oversteinen vart driven rundt av vasskallen, medan understeinen låg fast.

I Kvednahola sto det ei rekke hus til dette føremålet. På eit albumbilde i ei bok som Stavanger Turistforening har gitt ut kan ein i alle fall rekne 11 hus, og murane etter fleire av dei kan ein framleis sjå, sjølv om vegen på staden nå er omlagt.

Museet fekk hand om dei husa som står att etter avtalar med Vasshus og Ritland i 1973.





*Kvernhuset og turkehuset på vestsida av Kvednahola er i så god stand at dei kan brukast den dag i dag.*

Men allereide i 1952 sette Marta Fisketjøn fram tilbod om å overta eit turkehus og ei kvern i Fisketjøns-hagane på Suldalsosen. Desse har museet, med veks-lande hell, seinare prøvd å halde ved like, men det har ikkje gått betre enn at ein i styret for museet har drøfta alvorleg om det er teneleg å prøve og halde fram med å ha ansvaret for desse husa. Ein grunn til det er at ein har mange slike hus frå før, ein annan at husa er vanskeleg

tilgjengelege og såleis ikkje kan nyttast i nokon form for utoverretta verksemd.

Ein liknande tvil er knytt til dei husa museet har på Hjorteland i Suldal. Her står det eit kvernhus og ei turke i ein bekk, og eit stabbur oppe i tunet til Inge-mund Hjorteland. Husa er fine og interessante nok i seg sjølve, men dei representerer ikkje noe nytt i forhold til liknande hus som er knytt til anlegg som er lettare å bruke i publikumstiltaka til museet. I tillegg til i Kved-



*På Hjorteland har museet eit kvernhus og eit turkehus som er sette opp av lafta tømmer.*




*Stabburet på Hjorteland.*



*Fullt så bra står det ikkje til med dei to kvernhusa i Fisketjøns-  
hagane på Suldalsosen. Appetitten på kvernhus har vore større  
enn evna til å vedlikehalde dei. Såpass utilgjegeleg som enkelte  
av dei ligg kan det og stillast spørsmål ved den verdien dei måtte  
ha for museet.*

nahola finst det såleis kvernhus både på Kolbeinstveit og Vika. På Vika endatil dei husa som alltid har hørt garden til.



*Museet eig 2 hus på Håland i Erfjord. Størst interesse knyter seg til Målarbua med dei fine takdekorasjonane.*


## HÅLAND

I 1960 fekk museet eit av dei mest interessante husa museet eig. Det var Målastova på Håland i Erfjord. Huset var ei gåve frå Hadle Haaland saman med Røykstova og Homannsbua på garden.


Røykstova har vore det gamle våningshuset på garden, medan dei to buene har vore nytta som oppbevarings- og gjesteplass. Homannsbua har i tillegg truleg tent som tingstove når det var tingsete på Håland.

Begge buene har vore rikt dekorerte, men på grunn av bruk til ymse formål er det nå berre taket i Målastova som er intakt. Dette vart restaurert i 1981/82.

Det knyter seg kunsthistorisk interesse til Målastova, da ein her finn eit svært tidleg døme på utanomkyrkjeleg romdekorasjon. Målinga i stova skriv seg truleg frå midten av 1600-talet, og det er lenge før det vart vanleg med måling av slike rom. Målinga liknar då heller ikkje mye på den seinare rosemålinga. Ved sidan av å vera gammal er målinga i Målastova også eit minne som illustrerer både ættesoge og sosiale tilhøve på 1600-talet. Håland har så langt attende som kjeldene rekk vore den største garden i Erfjord. Trelasthandel og



*Det er sparsamt med inventar i Målarbua, og ikkje veit vi korleis ho kan ha vore innreidd heller.*



*Taket vart restaurert ved restaureringsateljéret på Arkeologisk museum i Stavanger i 1981/82. Her ligg det i bakgården på gamle Frue meieri for avfotografering.*

ein medveten giftarmålspolitikk var medvirkande faktorar til dette.

Olav Larson Håland (fødd 1606) var truleg den som tinga målinga. Han var gift med ei lensmannsenkje frå Avaldsnes, og var sjølv lensmann i Jelsa. To av systrene hans var gifte med to brør av Jelsapresten, og den eine av desse svograne var lensmann i Suldal. Sjølv vart Olav Larson enkjemann og gifta seg for andre gongen med Anna Clausdottar Koch som i 1666 vart enkje etter byfut og rådmann Jakob Thomasson Hvatz i Stavanger. I hans tid fødde dei 8 hestar, 2 oksar, 51 kyr, 10 kviger og 80 småfe på garden.

## VIGA

Viga er garden som ligg ved ei vik. Heilt tilbake til 1500-talet kan ein følge garden i dei skriftlege kjeldene. Det er dessutan fleire gravhaugar på garden og det er gjort funn frå vikingetida.


*Viga med helletaka og den merkelege samanbygde stovebygningen. Ein meiner å kunne tidfeste eldste delen av bygningen til 1600-talet. Den nyaste delen er sett opp i 1821 i samband med utskiftinga på garden. Det er også frå denne tida tunet har den forma det har nå.*

Slik det gamle tunet står nå vart det sjåande ut i 1821. Da var det utskifting på garden og tunet vart flytt.

Det eldste huset er røykstova i hovudbygningen. Denne meiner ein å kunne tidfeste til 1600-åra. Den nye stova vart bygt til i samband med flyttinga i 1821.

Tømmeret i eldhuset fortel og om høg alder. Dette eldhuset har i si tid kome til Viga frå Hauskevågen, dit det anten var kome ved flytting frå Nessa, eller det har vort reist av tømmer frå Nessaskogane.






*Det er tett mellom husa i Viga-tunet, og det gir ei særeigen stemning å opphalde seg i tunet. Stovebygningen her til venstre, eldhuset til høgre og løa midt i mot.*

I Viga-tunet finn ein elles uthus med fjøs og løe, stabbur og den såkalla Sissela-stova som skal vera flytt til Vika frå Fevoll og som i si tid gjorde teneste som skulerom og som sidan vart gjestestove på garden. Det hører og kvernhus og turke til garden, og nede ved sjøen står eit naust. Smie og stampe har det og vore tidlegare.

Særmerkt for Viga-tunet er hustaka som er dekte



*Frå stovehuset. Døra inn til stova i den nyaste delen av huset. «Dette Hus er Bøgt 1821.»*

med heller. Elles i Ryfylke, og meir allment for Rogaland, fekk ein overgang til teglsteintak på husa ut i 1800-åra. Men i Hjelmeland fekk ein, med bakgrunn i lokale hellebrot, ein periode med helletak mellom torv-taka og teglsteintaka. Museet ser stor verdi i å ta vare på desse taka på Viga, men har store problem med det, da det etterkvart er mest uråd å få tak i folk som har greie på korleis ein legg eit godt helletak.

Det er gjeve folk som har budd på Viga og. Ein av dei best kjende og særprega menn i Hjelmeland frå 1790 til opp i 1850-åra var Svein O. Viga. Han var opphavelg odelskar på Vormeland, fødd der i 1780. Men han tok aldri Vormeland, og vart buande i Viga det meste av si tid. Tre gonger var han gift, men fekk barn berre med Marta Husstøl, og det var ein av desse, Øystein, f. 1807, som tok over garden.

Øystein vart gift med Mallin Knutsdr. Måland, dotter til ein av dei beste og mest namngjetne haugi-anarane, og ei tid også lensmann i Årdal.

Dei fekk berre eit einaste barn, og det var Marta, som vart gift med Sven Thorsen (1893–1934) frå Jelsa. Han var ei tid konstituert lensmann i Jelsa, og var deretter tilsett lensmann i Høgsfjord i 6 år før han overtok garden til kona. Han var mykje med i det kommunale liv, og var endatil ordførar 1878–1880.

Viga var eit av dei største gardsbruka i Hjelmeland og dei hadde fleire tenestefolk. I 1850-åra var det 2 drengar og 2 jenter på garden.

I Øystein si tid fekk dei seg vassdrive trøskjeverk. Det var alt i 1863, og så tidleg at amtsagronomen nemner dette tiltaket særskilt i meldinga si. På nedsida av løa kan ein sjå kor vasshjulet sto.

I 1955 vart det sett opp ny hovudbygning på garden, og det gamle tunet vart fråflytta. I 1970 kjøpte Hjelmeland kommune husa. Føresetnaden var vidare at kommunen skulle overdra eigedomsretten til museet. Dette skjedde i 1975, og det er nå museet og kommunen saman som har ansvaret for restaureringa og vedlikehaldet av bygningane.

Inventaret i bygningane er velvillig deponert av Sven Randa, den tidlegare eigaren, og er med på å gi Viga-tunet ei forvitneleg autentisk atmosfære.

*Frå gamlestova. Opphavelg ei røykstove, og framleis med ljore i taket.*





*På Jelsa har museet tatt på seg ansvaret for det Riibergske skulehus frå 1775. Huset ligg i eit bygningsmiljø med høg aldersverdi, kanskje noe av det mest interessante vi har i heile Ryfylke, og der bygningane nå etterkvart blir tatt godt vare på. Skulehuset nærmast til venstre på bildet, dernest eit enkjesete frå omlag same tida og nederst den gamle handels- og gjestgjevarstaden på Jelsa.*

#### DEN RIIBERGSKE STIFTELSE

I juni 1974 tok personalet ved Jelsa skule med Hans Risa Johnsen i spissen opp spørsmålet om å skipe eit skulemuseum i det gamle skulehuset på Jelsa. Riiberg-huset, som det vart kalla, sto da tomt etter at det i

mange år hadde vore nytta til bedehus, kontor for forsyningsnemnda under krigen, folkebibliotek og legekontor.

Kommunestyret såg positivt på denne ideen, og ved hjelp av støtte frå ymse hald og ein stor frivillig innsats kunne ideen realiserast. I 1983 kunne det restaurerte skulehuset opnast for publikum, og det vart gjort kommunale vedtak om at huset skulle overlatast til Ryfylkemuseet og gå inn som ein del av regionmuseet. Men så enkelt var det ikkje.



Ein kom under ver med at det slett ikkje var kom-



munen som åtte skulehuset. Det var ikkje kommunen som åtte kyrkja på Jelsa heller, den var framleis ein av dei få privateigde kyrkjene i landet. Det var Den Riibergske stiftelse som åtte begge husa, og det tykte ein var så interessant at ein let det vera så. Men på oppfordring har Jelsapresten, som styrar for stiftelsen, utferdiga brev til museet der vi får disponere huset til museumsformål.

*Det gamle skulehuset på Jelsa, bygd av midlar frå Den Riibergske stiftelse i 1775. Her heldt ein av dei første lærarskulane for omgangsskulelærar i Rogaland til, kanhende den første utanom byane.*

*Interiør frå skulestova.*





Opphavet til stiftelsen og Den Riibergske skule var eit gåvebrev frå Marcille Mogensdotter Riiberg, dagsett 21. juni 1755.

Marcille Riiberg var brordotter til Jelsapresten Mentz Blix. Ho budde ei tid hos farbror sin på Jelsa.

Marcille må ha vore ei rike dame. I 1751 kjøpte ho Jelsa og Sand kyrkjer. I 1755 sette ho opp eit gåvebrev som vart sendt kongen til godkjenning. Gåvebrevet vart «Confirmert og stadfestet» 10. oktober same året, og dermed var Den Riibergske stiftelse skipa.

Planen for skulen var at det skulle vera ein barneskule for strandsittarbarna på Jelsaneset. Men i tillegg skulle to ungdommar ha gratis opplæring ved skulen i to år, slik at dei seinare kunne gå ut i bygdene som dugande lærarar i omgangskulen.

Huset blei tatt i bruk i 1775. Dette huset er såleis det eldste skulehuset i Ryfylke, og truleg det eldste i Rogaland når ein ikkje reknar med byane.

I over 40 år sendte Den Riibergske skule ut lærarar i Ryfylke prosti. Den som meir enn noen annan tok seg av skulen var sokneprest og prost Paul Knutsen (1800–1837). Han var folkeopplysningsmann både på preikestolen og på kateteret.

Lærarskulen vart nedlagt i 1820 av økonomiske grunnar. Men barneskulen heldt fram til det kom nytt skulehus på Asheim i førstninga av dette hundreåret.

Etter at restaureringa av huset var ferdig er det samla inn ymse inventar og skulesaker, slik at sjølve skulestova nå ser ut om lag som ho gjorde i førre hundreåret.

I kammerset bak skulestova er det samla ein del skulebøker. I dette rommet held elles heradstyret i Jelsa møta sine, til stor glede for forvitne lærarar.

Saman med dei andre gamle husa på Jelsa, kyrkja og

*Miljøet i Noresjøen på Jelsa er forsøkt verna gjennom ein reguleringsplan som regulerer området til såkalla spesialområde.*



busetnaden i Nøresjøen utgjør skulehuset eit sjeldant fint bevart strandstadmiljø. Ryfylkemuseet tok initiativ til å få laga ein verneplan for dette miljøet, og dessutan til å få freda prestegarden. Såleis har ein ved ulike virkemiddel sikra miljøet for ettertida.

*Enda meir har ein funne verneverdig på Jelsa. Prestegarden er av museet foreslått freda, og er nå tatt med på ei liste frå Riksantikvaren til Miljøverndepartementet over prestegardar som ein har funne fredningsverdige. Ved sidan av hovudbygningen frå 1840-åra omfattar fredningsforslaget den gamle Borgstova, eiu uthus og ein del av hagen.*

## ÅBØ-BYEN

Åbø-byen i Sauda er eit bustadområde for arbeidarar og funksjonærar ved Sauda Smelteverk. Området blei bygt ut av Electric Furnace Products Company, Ltd. frå 1916 og frametter, og det står i dag omlag 120 hus i området. Byanlegget, eller Amerikanar-byen som han og er kalla, er eit av dei best bevarte bustadområda for arbeidarar og funksjonærar vi har frå utbygginga av den kraftkjevjande industrien her i landet.

*I 1981 blei museet engasjert i bevaring av Åbø-byen i Sauda, eit byanlegg reist av smelteverket for å huse arbeidarar og funksjonærar frå 1917 og frametter. Sjølv fekk museet hand om Haakonsgt. 51-53, ein firemannsbustad frå den første tida. Slik såg huset ut da dei siste hadde flytta ut frå det. Når dette kjem på trykk vil huset ha fått tilbake det meste av den utsjånaden det hadde da det var nytt.*

Mange av husa, og alle arbeidarbustadene, var opphavelig fire-familiehus, dei fleste av funksjonærbustadene var to-familiehus og husa for dei med leiande stillingar var einebustader.

Dei fleste husa er trehus med ståande eller liggande kledning. Men sjølv om det her er mange hus, og tildels med lik planløsning, har ein brukt detaljar i fasadeutforminga og takkonstruksjonane og utforminga av glas og dører på ein medveten måte for å skape variasjonar. Saman med reguleringa og tilplantinga av området har ein såleis oppnådd eit variert og triveleg bumiljø, som har preg av engelsk hagebyarkitektur.

Husvera hadde etter si tid dessutan ein høg standard, med etter måten romsleg areal og fasilitetar som bad og vassklosett.





*Kulturrådet har vist særleg interesse for det vi driv på med i Sauda, og sommaren 1986 var eit utval for vurdering av bevaring av tekniske kulturminne på synfaring i Åbø-byen og på smelteverket.*

Ryfylkemuseet kom i kontakt med Åbø-byen da det i 1981 blei sett i gang eit arbeid for å prøve å verne byanlegget, og vi har seinare fungert som sekretariat for dette arbeidet og utarbeidd eit forslag til reguleringsplan for området.

Ein lekk i arbeidet med å ta vare på minna om industrisoga til Sauda-samfunnet var planane om å etablere

ein museumsavdeling i Åbø-byen. Ved ei gåve frå smelteverket fekk museet via Sauda Kommune i 1984 overta Haakonsgate 51–53 til dette formålet, og frå 1985 har vi halde på med restaurering av huset.

Haakonsgt. 51–53 er ein av dei eldste arbeidarbustadene i byanlegget. Det er bygt i 1917, og er eit firefamiliehus av ein type som det finst mange av. Det er meininga å føre huset tilbake til sin opphavslege utsjånad, bortsett frå taket der skiferen blir liggande. Frå først av var det teglstein på taket.

I kvart husvere var det kjøkken, stove og soverom.



*Da museet forhandla med Sauda kommune om sitt engasjement i Åbø-byen følgte andre engasjement med på «kjøpet», m.a. denne lóa i Slettedalen, nydeleg restaurert og eit blikkfang langs vegen innover i dalen.*

Loftet vart frå først av berre nytta som tørkeloft, men det vart seinare innreidd rom her. I kjellaren var det boder og vaskekjellar. Attåt ein familie med 2 vaksne og 2-3 og kanskje fleire ungar, var det ikkje uvanleg å leige ut soverommet til 1 eller 2 vaksne. Det kunne til tider såleis bu mange menneske i huset.

Men frå å vera eit romsleg husvere med høg standard etter si tid, endra Haakonsgt. 51-53 og heile nedre delen

av Åbø-byen seg til å bli eit område der bustandarden ikkje heldt følgje med den allmenne utviklinga. Området var ikkje lenger så populært som bustadområde, og mellom dei siste som budde i huset var framandarbeidarfamiliar frå Pakistan som kom til Sauda i 1970-åra.

Planane til museet går ut på å restaurere huset utvendig, setta den vestre enden i stand som kontor, møterom og utstillingslokale, og innreie husvera i den austre enden med møblar og inventar frå to ulike periodar.

Slik huset ligg til, som ein innfallsport til Åbø-byen,



*Det siste huset museet har erverva er Nesa-sjøhuset i Nordenden på Sand. Det er sjøhuset til venstre på dette bildet. Huset har verdi i seg sjølv og som del av miljøet. For Ryfylkemuseet skal det tene husrom for fellesfunksjonane til museet, og som eit sentrum i arbeidet med dokumentasjon og bevaring av strandstadkulturen.*

høver det godt å stelle til små utstillingar her som kan setta Åbø-byen og heile Sauda-samfunnet inn i eit kulturhistorisk perspektiv. Og ut frå eit slikt konkret kulturminne håper ein det vil lukkast å få til ei engasjement og eit samarbeid om det vidare arbeidet med

dokumentasjon og formidling av den delen av historia til Sauda som er knytt til industrien.

Da Ryfylkemuseet overtok Haakonsgt. 51–53 tok det også på seg ansvaret for dei samlingane og det arbeidet som den tidlegare kulturminnenemnda i Sauda hadde drive med. Det medfører m.a. at museet har ansvaret for ei gjenstandsamling som er mellombels lagra på Høllandsheimen, og for ei løe i Slettedalen. Det er vidare ein føresetnad at museet skal søke å koordinere og komma med forslag til framdrift av kulturminnevernet i Sauda.



*Gaterom i Nordenden. Utsikt frå Nesa-sjøhuset mot Sand sentrum.*

### NESA-SJØHUSET

Den aller siste bygningen museet har erverva er Nesa-sjøhuset i Nordenden på Sand. Bygningen er kjøpt i år, og rehabiliteringa av han er vonleg godt i gang når dette kjem på trykk.

Meininga er å stelle til eit hovudkvarter for Ryfylke-museet i dette huset, eller ein museumssentral om ein vil. Her vil vi ha kontor og verkstader, arkiv, bibliotek, atelier og rom for andre fellesfunksjoner, og dessutan utstillings- og møterom for den lokale aktiviteten på Sand. Men grunnen til at nettopp Nesa-sjøhuset blei vald til eit slikt formål, var den eigenverdien huset har både i seg sjølv og som del av eit gammalt strandstadmiljø.



Huset blei bygt kring 1850, og blei brukt til sildesalting og lagring av tønner og til oppbevaring av nøter og båtar, seinare som lager også for den handelsverksemda firmaet R. og T. Rasmussen dreiv i Rasmussen-sjøhuset, det sjøhuset som museet leiger lokale i nå. I 1920- og -30-åra var det mekanisk verkstad i huset, og dessutan tønnefabrikk og sementstøyper.

Den utsjånaden huset har nå fekk det etter at slaktar Marvik kjøpte huset i 1946. Da blei ei svol på vestsida innlemma i hovudbygget og taket blei løfta.

Saman med Rasmussen-sjøhuset, det andre sjøhuset

i Nordenden, utgjer Nesa-sjøhuset dei siste restane av ei bygningsform som var svært typisk for strandstaden Sand. Slik dei nå ligg utgjer desse husa tyngdepunktet i Nordenden, som nå er den delen av Sand som er minst berørt av moderniseringar og tidhøvelege transport-system.

Ryfylkemuseet har tatt initiativ til å få utarbeidd ein reguleringsplan med verneføresegner for Nordenden, slik at ein kan ta vare på den heilskapen som dette sjølv-grodde trehusmiljøet på prestegardsgrunn utgjer.

*Ein del av samlinga til Johs. W. Rasmussen på Hedl i Sand før  
overflyttinga til Ryfylkemuseet.*



# Gjenstandane

Ved sidan av bygningane har det gjerne vore samlingane av gjenstandar som har vore sett på som den sentrale substansen ved eit museum. Og med stor rett, for ikkje noe medium, så moderne det enn kan vera, kan erstatte dei verkelege levningane frå fortida, verken i dokumentasjonsarbeidet eller i formidlingsarbeidet ved eit museum.

Etterkvart er ein nok blitt klar over at gjenstandane i mindre og mindre grad kan stå aleine. Nye generasjonar som kjem til musea må ha meir og meir hjelp til å tolke det dei ser for å forstå det. Og det har fått som konsekvens at musea nå må legge større vekt både på å samle inn opplysningar om dei gjenstandane som blir tatt vare på, og opplysningar om forhold som vanskeleg kan dokumenterast gjennom innsamling av gjenstandar.

Men i utstillingane er gjenstandane framleis dei sentrale elementa, og Ryfylkemuseet legg stor vekt på å bygge opp representative gjenstandsamlingar frå dei samfunnsforholda ein har funne det viktig å dokumentere.

Frå før, frå samlingane til Rogaland Folkemuseum, som danna grunnlaget for det som nå er Ryfylkemuseet, fanst det få og små gjenstandsamlingar. Hovudmålet med innsamlingsarbeidet så langt hadde vore å utstyre bygdetuna og dei andre miljøavdelingane med inventar, reiskap og utstyr av slikt slag som kunne ha vore brukt i desse husa i den tida dei er i frå. Ut over det var det ikkje bygt opp større gjenstandsamlingar.

På grunn av eit stramt driftsbudsjett er museet i hovudsak avhengig av gåver for å bygge opp gjenstandsamlingar, og det kjem år som anna inn ei rekke interessante gåver. Førebels har vi tatt imot det meste av det som er tilbydd oss, så sant det ser noenlunde heilsleg og skikkeleg ut. Ting som heller burde vore sendt på bossaugen tek vi ikkje imot, men vi er svært glade for å få høve til å sjå utvalet før det eventuelt blir kjørt på bossaugen.

Større samlingar eller dødsbu er det sjeldan museet får høve til å overta. Når slike ting skal skiftast må vi stille på auksjon vi som andre, og da er det som regel andre som har betre råd. Men i noen få høve har vi fått sjansen til å innlemme større samlingar i museet, og det er desse, saman med gåvene, som utgjør den etter måten beskjedne gjenstandsamlinga Ryfylkemuseet rår over.

## JOHS. W. RASMUSSENS SAMLING

Den første, store samlinga museet fekk hand om var samlinga etter Johs. W. Rasmussen på Sand. Den blei kjøpt i 1984 med støtte frå såvel offentlege som private sponsorar.

Samlinga består av kring 750 gjenstandar. Mye av det er verktøy av ulikt slag, ei anna stor gruppe er lagga ting og den tredje hovudgruppa steinty. Og så er det ein del møblar og ymse reiskap.

Det meste av samlinga blei stilt ut i sjøhuset på Sand

sommaren 1985, og det var stor interesse for ho slik ho var. For museet var det eit hovudpoeng å få hand om ein gjenstandsmasse som kunne brukast fritt til ulike utstillingsformål. Samlinga er derfor nå lagra i eit magasin.

Opphavsmannen til samlinga var Johs. W. Rasmussen (1894–1972), handelsmann og seinare drosjesjåfør på Sand. Han hadde tatt til å samle alt som 14-åring, og fekk etterkvart store samlingar. Ein del av samlinga blei lagra i det sjøhuset museet nå held til i, ein annan del plassert på Hedl, ein plass ovom Sandsfossen, der Rasmussen bygde opp eit heilt lite museum. Det var den delen av samlinga som hadde plass på Hedl museet kjøpte.

Alt frå 1950-åra tok avisene og folk flest til å bli klar over omfanget og verdien av denne samlinga, og frå byrjinga av 70-åra ser ein eit visst offentleg engasjement for å sikre samlinga for ålmenta. Når ein måtte heilt til 1984 før ein fann ei løysing på saka hadde det mange årsaker, og framleis er det dei som er i tvil om det var rett av museet å kjøpe samlinga.

## BARKELAND

I 1982 fekk Rogaland Fylkeskommune ei storfelt gåve etter Olga Oppedal (1892–1983). Ho hadde testamentert det meste av inventaret i hovudbygningen på Barkeland til fylkeskommunen. Dette omfatta vel 450 nummer. Fylkeskommunen overlet seinare ansvaret for samlinga til Ryfylkemuseet, og vi fekk såleis eit einestående høve til å ta vare på og syne fram eit autentisk og fullstendig interiør slik det naturleg hadde utvikla seg gjennom fleire slektsledd.

Mye av det som finst på Barkeland er frå Olga og Leiv Oppedal si tid. Dei vart gifte i 1938, og her er t.d.

framleis kaffiserviset for 12 som dei fekk i bryllupsgåve, med blomedekor i gull og svart. Her er leopardskinn som halvbror til Olga hadde med heim frå Syd-Amerika, her er rokokkostolar og regence-speil av finert mahogny på furu og her er rosemåla kister, mangletre og oppstadrokk. Ein del ting følgde nok og med frå Furre i Sjernarøy da mor til Olga, Karen Malene Johannesdotter Furre, vart gift med Thor Thorsen i 1872.

Den eldste delen av møblementet er frå slutten av 1700- og byrjinga av 1800-talet. Og det passer godt med byggeåret for den eldste delen av huset, som skal vera kring 1790.

Meste av det store huset er fullt møblert med desse tinga, og dei kan såleis fortelja ei forvitneleg historie om korleis ein framståande familie i det gamle bygdesamfunnet har levd dei siste 3–4 generasjonane.

Det skal vera Bjørn Barkeland som bygde på huset da det vart utvida midt på 1800-talet, og det er vel rimeleg å tenkje seg at det da og kom ein del nye ting til gards.

Bjørn Barkeland var ein framståande mann i Jelsa, både som jordbrukar og ombudsmann i ymse offentlege verv. Han hadde gifta seg med Marta Karina Rasmusdotter Økstra alt i 1818, da dei berre var 21 år gamle, og dei fekk ikkje mindre enn 8 ungar, alle jenter.

I 1859 tok Inger Johanne over Barkeland saman med Ole Thorsen frå Jelsa, som ho hadde gifta seg med noen år tidlegare. Ole Thorsen var lensmann i Jelsa og stortingsmann, men det var ikkje så lenge dei kom til å bli buande på Barkeland.

Alt i 1873, etter berre 14 år, fekk sonen Thor Thorsen overta garden etter at han hadde gifta seg med Karen Malene Johannesdotter frå Furre i Sjernarøy. Og i registreringane av inventaret er det tydeleg at det var eit ekteskap som førte mange nye ting til Barkeland, og



*Barkeland i Jelsa 1986 viser veg mot eit storgardsinteriør....*

som framleis står i desse romma. Også Thor Thorsen var lensmann i Jelsa like til han døydde i 1913.

Thor Thorsen og Karen hadde berre ei einaste dotter, og det var Olga. Ho overtok garden i 1913, 21 år gammal, men vart først i 1938 gift med Leiv Oppedal frå Brekke i Sogn. Ein stor del av serviser og slikt er registrert som bryllupsgåver til dei.

Det kan ikkje vera tvil om at samlinga på Barkeland er ei eineståande samling, særleg ved det at det er eit komplett og autentisk interiør som er tatt vare på i sitt opprinnelege miljø. For Ryfylkemuseet kompletterer denne samlinga det vi elles har lukkast i å ta vare på, slik at vi kan vise fram eit meir nyansert bilde av livet i bygdesamfunnet noen generasjonar attende. Spesielt interessant på Barkeland er det å sjå korleis impulsar utanfrå har funne plass også i bygdesamfunnet.



Det var Olga Oppedal sitt ønskje at samlinga skulle bli verande på Barkeland, og i forståing mellom fylkeskommunen og dei nye eigarane av garden ser det ut til at ein skal kunne oppfylle det ønsket. Såleis blir også huset, hagen og landskapet omkring ein del av den opplevinga ein kan ta med seg ved besøk på Barkeland.

Museet har ikkje høve til å ha ordinære opningstider på Barkeland, men vi tek imot grupper, og vil prøve å få til enkelte tilskipingar i stovene der.

*....og der skap med beste porselenet blir vakta på av Ole Thorsen og kona Inger Johanne Barkeland.*

*....der plysjsalongen står som han skal ha stått sidan han kom i hus....*





*På Bygdemuseet i Erfjord.*

## ERFJORD BYGDEMUSEUM

Den største gjenstandsamlinga Ryfylkemuseet har ansvaret for er samlinga på Erfjord Bygdemuseum. Museet var tidligare i eiga til Erfjord Bondelag, og styrt av ei museumsnemnd vald av bondelaget, men vart frå 1. januar 1984 overført til Ryfylkemuseet, samtidig som det blei skipa eit lokalt museumslag i Erfjord til å delta i det vidare arbeidet med samlinga.

Vi reknar med at det finst omlag 1500 gjenstandar i museet. Av alle slag som ein kan vente å finne i ei slik bygdesamling. Her finst Wergelands-porselen etter Jelsa-presten, Brakahaugbåt til kyrkjeferd, flint-børser og hampenot, bustestavar og trøsketustar, og eit utval rokkar, frå den grøvste hamperokk til den finaste ullrokk.

Ei kjerne i samlinga er ei mindre samling museet fekk som ei startgåve frå Lars Aas. Elles er det Johannes Ramsfjell (død 1973) som har arbeidd mest



*Eit utval av samlinga på Erfjord Bygdemuseum.*

med å samle tinga. Arbeidet med dette tok til i 1962, såleis nokså seint til eit bygdemuseum å vera, men det vart på utruleg tid samla inn mange verdfulle gjenstandar, og det vart flytta fleire skulehus til museumsstanden på Vik der samlinga nå er.

Det var også bygdemuseet som tok initiativet til å sikre dei stovene på Håland som vi tidlegare har omtala, og dessutan Holestølen, ein støl innafør Budalsvatnet i Erfjord.

Men sjølv om det er lagt ned eit stort arbeid for å få til museumssamlinga i Erfjord, lir gjenstandane nå under å vera lagra i for tronge og dårlege bygningar. Her er for liten plass til å kunne legge tinga til rette i t.d. temautstillingar, og det blir for skiftande og for dårleg

klima i bygningane til at det er muleg å ta skikkeleg vare på tinga.

Det er eit økonomisk spørsmål og eit prioriterings-spørsmål korleis ein kan ta vare på samlinga i Erfjord, og aktivisere ho for publikum. Førabels er det ingen som har noe svar på korleis dette skal gå til.

### KYRKJEBÅTEN I BÅTSVIKJO

På ein etter måten utilgjengeleg plass nedom Hamrabøgrenda, noe vest for Lalid, har museet kyrkjebåten til Hamrabø liggande i eit naust. Båten og naustet er ei gåve frå grenda.

Båten er ein åttering bygd kring 1920 av Nils Bakka i Kvilldal. Lengda på båten er mellom 23 og 24 fot. Dette





*Kverven i Hamrabø sin kyrkjebåt i naustet atmed Suldalsvatnet.*

var den einaste åtteringen han bygde, så det kan vera ein av grunnane til at materialane var så utvalde.

Båten blei ikkje først og fremst bygd som kyrkjebåt, men blei heitande Kyrkjebåten som dei tidlegare båtane. Han blei brukt som kyrkjebåt, til føring av lik, til doktorskyss og jordmorskyss og han blei brukt ved vedlikehald av brygga i Lalid.

Kjølen er laga av eik, huden av furu. Rongjer og band i framrom og bakrom av heilvaksen furu. Keipane er av eik med hol for hamleband av vidjer. Seinare er vidjebanda erstatta av stålstreng.

Da dei hadde vore ut med båten bar dei først årene i land og stakk dei opp på lemnen i naustet og drog så

opp båten. Alle i kverven var med og delte utgiftene til båt og årer likt.

Tek ein seg ned til kyrkjebåtnaustet vil ein finne eit særprega lite naustmiljø med tilsaman seks båtstøer der nede med Suldalsvatnet. Kyrkjebåtnaustet har steinvegger med sperr og bølgeblikkta. Tidlegare var det torv på taket. Nærmast kyrkjebåtnaustet mot vest ligg Lalidnaustet og så vidare naustet til Tveitane i Hamrabø og Bordalsnaustet. Bordalen er seinare lagt til Austarå.

Ein kan ta seg ned til nausta både frå vegen ned til Lalid brygge og frå sjøvegen rett ned frå avkjøringa til Hamrabø, men beinast er det å gå ned noe vest for Lalid, ved ei lita hytte som vegstellet har sett opp der. Men ein bør vera nokså lett på foten om ein vil ned.

*Sportsleg kledde engelske laksefiskarar «at the mouth of Sand River». Archer-samlinga.*



# Det immaterielle kulturvernet

Det immaterielle kulturvernet blir ofte omtala i vord-lause vendingar av folk som ser eit skilje mellom den materialiserte kulturarven og det meir diffust flytande og uhandterlege stoffet som gir tinga meining.

Skiljet mellom det materielle og det immaterielle kulturvernet har sin bakgrunn i ulike oppfatningar om kva som har vore høvelege samlarobjekt og kva slags innsamlingsteknikkar ein har rådd over. Og ikkje minst kva slags mål innsamlinga har hatt. For eit museum i dag må det vera røyndomen, den fortidige såvel som den samtidige, som må vera utgangspunktet for arbeidet, og så må ein velja samlarobjekt etter kva det er ein vil vita om denne røyndomen, om det nå skulle bli hus, gjenstandar, munnlege minne, avisutklipp eller fotografi.

For Ryfylkemuseet, har det såleis vore like naturleg og viktig å bruke ressurser på intervjuarbeid og bildeinnsamling som å fortsetta innsamlinga av gjenstandar og bevaring av hus. Helst skulle desse aktivitetane vore utvida til også å omfatta film- og videoopptak og systematiske nedteikningar av det ryfylkingane gjer såvel i arbeids- som i fritida. Men det har vi ikkje pengar og mannskap til. Det fotoinnsamlings- og intervjuarbeidet som det har vore muleg å skaffe midlar til har likevel etterkvart fått eit slikt omfang at ein kan ta til å tale om samlingar av ein viss verdi også av slikt materiale.

## FOTOINNSAMLING

Alt første året museet var i arbeid på Sand, etter flyttinga frå Stavanger, kom vi i gang med innsamling og avfotografering av gamle bilde, og i 1982 vart det gjennomført ein stor aksjon i Suldal i samarbeid med Suldal kulturstyre for å samle inn slike bilde. Godt og vel 1200 bilde kom inn.

Eit par år etter kom vi i gang med eit liknande samarbeid med kulturstyret i Hjelmeland, og hadde fram til sommaren i år avfotografert 2285 bilde derifrå.

Attåt desse aksjonane har det kome inn ei mindre samling med avfotograferte bilde, og vi har mottatt som gåver to større samlingar med gamle bilde, m.a. ein stor del av bildesamlinga etter fru Alice Archer.

Museet har nå såleis store og representative samlingar av gamle bilde frå Hjelmeland og Suldal, og er godt i gang med oppbygginga av eit bildearkiv for Ryfylke. Ved siden av det sentrale arkivet på Sand, vil det bli plassert kopiar av bilde og fotokort med opplysningar om bilda ved biblioteka i dei to kommunane.

## INTERVJU

Ved siden av fotografi ser vi på munnlege minne som ei viktig kjelde til kunnskap om fortida, og vi har lagt ein del vekt på å få gjennomført ulike intervjuprosjekt. I



*Frå planleggjinga av ei fotoinnsamling på Fister. Gaute Nilsen, Njål Tjeltveit, Trygve Brandal, Kari Fister og Mikkel Lid. Jorunn Kleppa, Else Vargervik og Roy Høibo var også med.*

samlingane våre har nå intervju med vel 150 informantar som dei blir kalla, dei som blir intervjuja.

Meste av desse intervjuja har kome i stand som følgje av særskilte prosjekt det har lukkast å gjennomføre ved hjelp av omframme løyvingar. Såleis har vi ei gruppe med intervju blant frukt- og bær dyrkarar i Hjelmeland, og ei annan blant funksjonærar og arbeidarar ved Smelteverket i Sauda. Den største gruppa av intervju er

likevel intervjuja med anleggsfolk på Ulla/Førreanlegga i Suldal.

Innimellom har vi hatt ambisjonar om å gjennomføre meir allmenne livslaupsintervju med eldre folk, men har ikkje hatt kapasitet til å få gjort dette i noe særleg omfang.

Dei førstehandsskildringane av opplevingar i den nære fortida som slike intervju kan innehalde er av uvurderleg betydning ved arbeid med kulturhistoriske problemstillingar. Og det er eit materiale som ein ikkje



*Ikkje berre eldre folk kjem på band. Her blir Halvard Holen intervjuva av Helga Møgedal om Ulla/Førre-utbygginga.*

kan få tak i på annan måte. Svært mye av det som går føre seg rundt oss blir verken skrive ned eller fotografert, og det nedfeller seg ikkje i noe gjenstands- eller bygningsmateriale.

### FOLKEMUSIKKARKIV

I nær tilknytning til oppbygginga av det vi kanskje kan kalle eit folkeminnearkiv, går det føre seg eit arbeid for



*Bakka får innføring i dansetradisjonane av Odd Iversflaten frå Suldal.*

å bygge opp eit folkemusikkarkiv ved Ryfylkemuseet.

Arbeidet med folkemusikkarkivet har kome i stand etter vedtak i fylkeskulturstyret og skjer i nært samarbeid med Rogaland Folkemusikklag. Folkemusikkarkivet skal bli eit arkiv for musikk, dans og song frå heile Rogaland.

Førebels er det lite som er samla inn, men det ligg allereie føre ein del lydband med opptak av spelemenn og songarar, både som utøvarar og i form av intervju



*Ivrige medarbeidarar i Rogaland Folkemusikklag: Ruth Anne Moen, Dag Hovda og Odd Austarheim.*

om bruken av slåttar, songar og gamle danseformer.

Vidare er det meininga å få kopierte det som finst av slikt materiale frå Rogaland i andre arkiv og hos privatpersonar, og etterkvart kunne komma i gang med ei utoverretta verksemd for å spreie kunnskap om at også Rogaland har ein folkemusikktradisjon.



#### SAMTIDSDOKUMENTASJON

Ved sidan av å samle på gamle bilde og intervjuje gamle folk og gamle dagar, er musea i dag meir og meir opp-

*Frå seminaret om Suldals-springaren på samfunnshuset i Suldal i 1982. Dag Hovda lærer av Lars Berge frå Sand.*

tatte av å dokumentere det daglege livet slik det blir levd i dag. Ein ser det som viktig å ta vare på minne om korleis folk har det medan hendingane enda er livs levande. Når det har gått 20 år eller meir er mye glømt og enda meir endra.

Og skal musea leva opp til ambisjonane om gi sitt bidrag til orientering i tilveret, må ein knyte trådane saman like fram til dagen i dag.

Ryfylkemuseet har gjennomført eit stort prosjekt under denne synsvinkelen, og det er granskinga av dei kulturelle verknadene av Ulla/Førre-utbygginga i Suldal. Dette er ei gransking der det meste av materialet er frå dei siste 10–15 åra, men likevel slik at eit atskillig lengre historisk perspektiv er brukt for å forklare det som har gått føre seg.


I denne granskinga er det gjort bruk av såvel fotografering som intervju, nedteikningar av samtidige observasjonar, aviser og arkivmateriale og bruk av spørjelister for å samle materiale til arbeidet.

Men også her skulle museet gjerne gjort meir. Vi skulle gjerne kunne gjennomført slike granskingar av fleire delar av arbeidslivet i Ryfylke, og gjerne følgt heime- og fritidslivet til utvalde grupper blant befolkningen.



*Frå moderne skogsdrift.*

Årbøkene er gådde inn til fordel for tidsskriftet «Folk i Ryfylke» som kjem ut to gonger i året. Utanom brosjyrer, utfyllande hefte til utstillingar og bøker av forskjellige slag.




RYFYLKEMUSEET  
HUSMANNSPLASSEN  
RØYNEVÅRDEN



RYFYLKEMUSEET  
BAGDETUNET  
KOLBEINSTVEIT



RYFYLKEMUSEET  
VIGA-TUNET





# Publikumstiltak

Det er samlingane vi har lagt vekt på å presentere i dette skriftet. Bygningane og gjenstandane. Og til slutt litt om arkiva våre, med fotografi, intervju og andre former for bevaring av data som ikkje ter att som synlege kulturminne i landskapet.

Målet med desse samlingane er å sikre at medvetet og kunnskapane om korleis folk har levd blir tatt vare på. Museet er ein bank for kunnskap om fortida.

Somme stader og til somme tider er det nok. For dette museet ser det ut til at det ikkje har vore det. Ein har aldri vore nøgd med berre å ta vare på. I heile historia til museet har det vore ein stor aktivitet for å gjera kjent kunnskapane om samlingane. Nedanfor skal vi omtale eit par område for slik aktivitet som har hatt eit etter måten stort omfang i forhold til ressursene.

I mellom den delen av museumsarbeidet som omfattar innsamling og bevaring og den delen som omfattar ulike publikumstiltak, ligg dei ei lang rad arbeidsoppgåver som lite syns. Det er slikt som preparering og konservering, restaurering og pleie, ulike former for bearbeiding og ordning av materiale, og ikkje minst forskning. Det siste er viktig for å kunne bidra til å gi svar på ein del av dei spørsmåla som knyter seg til kulturhistoria.

Desse sidene ved museumsarbeidet skal vi ikkje gå nærmare inn på her, men dei er nemnte for å understreke at det arbeidet med originalt materiale som



*Frå strevet med klesvask og skuring i utstillinga om «Bestå».*



*Engelsk livsstil gjennom Archers på Sand i 100 år fann vegen til museet og. Fornemt sportsfiske blei sett opp i mot kjer, nøter og laksajern.*

musea driv med, skil seg sterkt frå den underhaldnings-industrien som musea av og til, og sterkare og sterkare, må sjå seg samanlikna med.

## PUBLIKASJONAR

Utanom framsyning av og omvising i bygdetun, var det gjennom den lokalhistoriske litteraturen samlingane til Rogaland Folkemuseum og det museet elles stelte med vart gjort kjent. Og ikkje minst gjennom årboka Frå bygd og by i Rogaland.

Årboka kom ut med første utgåva si i 1959. Ho var da ei vidareføring av Årbok for Jæren og Dalane som



*Eit museum på utstilling. Størstedelen av samlinga til Johs. Rasmussen frå Sand blei overtatt av museet.*

hadde komme ut sidan 1952. I den tida dette var ei årbok for museet kom det ut 17 bind av årboka, med det siste i 1979.

Etter omgjeringa av museet til regionmuseum for Ryfylke fann ein verken namnet eller forma til den

gamle årboka teneleg lenger. Men trongen for ein publikasjon var heller blitt større med ein sterkt veksande medlemsmasse i bygdene innover i Ryfylke. Frå 1984 tok museet derfor til med ein ny tidsskriftserie, tidsskriftet FOLK i Ryfylke, som nå kjem ut med to nummer i året.

I enkelte av nummera til tidsskriftet er ein del av artiklane samla kring eit utvald tema. Såleis har vi hatt



*Utstillingar helst ikkje berre for kultursjefar (her Suldal kommune sin kultursjef Audun Skjelbreid og fylkeskultursjef Roald Håland)....*

eit Sauda-nummer (1/85), eit om Suldalsdampen og ferdsla på Suldalsvatnet (2/85), og eit om industrien på bygda, med stoff frå Hjelmeland og Strand (1/86).

Attåt tidsskriftet gir museet ut andre bøker og hefte. «Då besta va' ung» (1982), «Folk og hus i Suldal» (1984) og «Frå torvskurd til tingsal» (1985). I 1986/87

vil det komma to bøker om kraftutbygging: «Ulla/Førre — Norges største vasskraftprosjekt» og «Blant silkebus og bønder».

Som ein vil forstå er det ingen ubetydeleg del av verksemda til museet som er knytt til utgiving av desse publikasjonane. Og i tillegg kjem mindre faldarar og brosjyrar om samlingar og utstillingar. Men det ser ut til å vera ein populær del av det vi driv med. Tidsskriftet har utan tvil vore sterkt medverkande til det høge med-



*....men først og fremst for dei som føler at museet kan få fram det dei er opptatte av. Her blei det til ein presentasjon av eldre og nyare driftsmåtar i skogen.*

lemstalet museet har. Og salet av bøker og hefte elles er jamnt over så stort at det dekkar dei direkte kostnadene med å gi dei ut.



*Frå ei av utstillingane Kunstlaget har hatt i museet sine lokale på sjøhuset.*

## UTSTILLINGAR

Utstillingar er den tradisjonelle måten å formidle kunnskap på ved musea. Ein talar gjerne om ulike typer utstillingar: Basisutstillingar, temautstillingar, vandreutstillingar og miljøavdelingar. Inntil for stutt tid sidan



*Frå fruktdyrkarutstillinga på Hjelmeland.  
 Interesserte folk både frå Årdal, Fister, Randøyna, Ombo,  
 Hjelmeland, Vormedalen, Jøsenfjorden og Jøseneset har gjort  
 mykje for å få fram livet rundt frukter og bær.*

var det berre det siste som var aktuelt for vårt museum. Det einaste ein kunne vise fram var husa i bygdetuna, med dei innreiingane ein hadde fått til der. Dette er ein verdfull og interessant måte å levandegjera fortida på, men det er vanskeleg å få fortalt noe om samanhengar mellom årsaker og verknader i slike avdelingar.

Først i 1982 kunne museet invitere publikum til ein temautstilling. Da var det ordna med leige av ein del av Rasmussen-sjøhuset på Sand, og det var sett av plass til eit utstillingsrom på 100 m<sup>2</sup>. Ikkje mye det, men nok til å få til både utstillingar og andre tilskipingar som har vist seg å samle folk.

Den første utstillingen var ein utstilling om kvinnfolkarbeid i mellomkrigstida, «Då beste va' ung», stelt til i samarbeid med Sand bondekvinnelag. Ein suksess både under arbeidet med han og etter han var opna.

I 1984 hadde vi ein utstilling om laksefisket i Suldalslågen i samband med at det var 100 år sidan Walter Archer kom til Sand. Året etter stilte vi ut samlinga til Johs. W. Rasmussen, «Johs. — ein bygdasamlar». Og i år heiter utstillingen «Med drog og motorsag», ein utstilling om skogbruket.

Alle desse utstillingane har vore i Rasmussen-sjøhuset på Sand. Stort lenger har vi ikkje rukke, og andre stader har vi ikkje eigne lokale heller. Men i Hjelmeland har vi vore. I 1985 stelte vi vil utstillinga «Frukt og bær i Hjelmeland» i lokala til og i samarbeid med Hjel-



meland bygdemuseum. I Sauda er vi dessutan i ferd med å få oss utstillingslokale i Haakonsgt. 51-53, så der vil det truleg bli utstilling i løpet av vinteren.

Ved sidan av våre egne utstillingar har Ryfylke kunstlag skipa til fleire utstillingar i lokala våre. Kvar sommar sidan 1984 ein sommarutstilling som har stått heile sommaren, og elles stuttare utstillingar av bildekunst og kunsthåndverk. I 1986 kunne kunstlaget opne sitt eige galleri i 2. høgda i Rasmussen-sjøhuset, slik at vi nå har fått noe vi håper kan bli eit permanent nabo-skap med eit galleri.

Ønskjemålet er dessutan å komma så langt at vi kan stelle til mindre utstillingar som kan settast opp i offentlege bygningar og andre stader der folk ferdast rundt om i regionen. Førabels har vi verken hatt mate-

*Ryfylke Kunstlag i håpeleg godt og fruktbart samliv med Ryfylkemuseet.*

*Formannen i styret for museet, Børge Skeie, ville slå eit slag for det og gav blommar til dei som hadde kava mest for å få eit nytt galleri inn i sjøhuset, Gerhard Kurszus og Grete Holmboe.*

riale eller kapasitet til å gjera slikt. Det lengste vi har drive det til er å ha enkle stands på ulike tilskipingar som andre har stått for.

Alt vi driv med er likevel ikkje tatt med her. Det var ikkje meininga heller. Meininga var å laga ein katalog over det viktigaste av det Ryfylkemuseet driv med ved dobbeltjubileet som folkemuseum og regionmuseum. Vi håper oversikten kan vekke interesse både for det museet har og det vi driv med og såleis i neste omgang vera eit bidrag til vidare utvikling av museet.





Ryfylkemuseet takkar følgjande firma  
for støtte til drifta av museet:



*Tor Underbakke*

Sport-Båt-Motor-Bensinautomat  
SAND. TLF. 97 486



ALT I KOLONIAL

**SULDAL INSTALLASJON**

SAND

TELEFON 97 319



JERN-BYGGEVAREFORRETNING

Spesial listverk-panel på bestilling

*Kaldheim & Sønn*

UR – OPTIKK

Telefon 97 660 – 4230 SAND

**Hjelmeland Sparebank**

14130 HJELMELAND

TELEFON 04 - 44 04 17

***DnC***

**Suldal**

LOKALBANKEN MED  
STORBANKENS FORDELER



EIN SERVICEBANK  
FOR HEILE DISTRIKTET

**BUSTAD**  
herreekvipering **a**  
**S**

TLF. 97 148  
SAND

*A.s Sands Laksefiske*

P.O.B. 44 - STAVANGER



ALT I  
LANDBRUK  
OG  
SKOGBRUK

**Møgedal  
mek. verksted**

SAND - TLF. 97 112



VERN VERNEVERDIGE VERDIER  
**VERNOLIN** -  
linoljemaling med sinkhvitt

**SAUDA INTERIØR** TLF. 93 044



FERROLEGERINGER

**SAUDA SMELTEVERK A/S**

**Singel og Grus A.s**

ÅRDAL

Hovedkontor: SANDNES - Tlf. 04 - 57 52 77

En sikker  
medspiller



SAUDA - TELEFON 92 411



**AARTUN**  
TREVAREFABRIKK

SAUDA - TLF. (047) 92 202

*For Sundhet og velvære -  
spis klikavring fra*

**SAUDA BAKERI**

TLF. 92 167 - SAUDA



møbelfabrikk Hjelmeland  
Tlf. (04) 44 03 00

møbelforretning Stavanger  
Løkkeveien 40  
Tlf. (04) 52 36 83 - 52 12 46

**JÆRSTOLER**

Hetlelid Møbelverkstad  
Hjelmeland  
Tlf. (04) 44 15 46



